



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/4263-18

12. desember 2017

Hordaland fylkeskommune – innspel til konkretisering av føresegner om tilskot til skilting og merking – tilbakemelding

Vi syner til brev av 21. november 2017 med innspel til "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017" (V-0732) (føresegnene) som gjeld skilting og merking av turruter.

Kulturdepartementet reviderer føresegnene årleg og gjev ut ei ny utgåve av føresegnene i juni kvart på. Føresegnene, som vart gjevne ut i juni 2017, gjeld for tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i 2018.

Hovudregelen er at det ikkje skal gjerast endringar i føresegnene når ein er midt inne i ein søknadsrunde. Endringar skal i all hovudsak gjerast i samband med den årlege revisjonsrunden som skjer på vårparten.

Vi takkar for dykkar innspel og tek desse med oss inn i arbeidet med revisjon av føresegnene våren 2018. Eventuelle endringar, som måtte bli tekne med i føresegnene på grunnlag av dykkar innspel, vert ikkje gjort gjeldande før ved tildeling av spelemidlar i 2019.

Med helsing

Ole Fredriksen (e.f.)
avdelingsdirektør

Marita Teigen Gamlemshaug
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 866

Avdeling
Avdeling for
sivilsamfunn og idrett

Saksbehandlar
Marita Teigen
Gamlemshaug
22 24 80 83